


Visma Flyt Skole

Min skole - foresatt

App for føresette



Frå 1.januar er det Visma som skal brukast til kommunikasjon mellom heim-skule.

SFO:

For dei elevane som har sfo, skal sfo tilstedeværelse i appen brukast for alt som har med sfo å gjer.



Ved **fråver**, skal ein nytte **fråversmelding** i appen, andre meldingar med beskjedar som gjeld skuledagen elles, sender ein til **klassegruppa**.


Dei som ikkje har tatt i bruk appen, må først gjer dette:

Innlogging i appen

For at «Min Skole» appen skal fungere så må mobiltelefon ha minimum iOS 11.0 (Apple) eller Android 6.0 Marshmallow.

Det er ein føresetnad at føresette er registrert med fullt fødselsnummer i Visma Flyt Skole og har kopling mot barn for at appen skal kunne brukast.

1. Last ned appen frå **Google Play** eller **App Store**. Appen heter “**Min Skole - foresatt**”
2. Klikk på “**Logg inn med ID-Porten**”
3. Vel **Sogndal** frå lista.
4. Klikk på **Velg** øvst til høgre og deretter på **Fortsett**
5. Logg inn med **MinID**, **BankID** eller **Bypass**
6. Vel **pin-kode**, og bekreft. Klikk OK
7. Du blir no logga inn, og kan sjå dei skulane du har tilgang til



SFO tilstedeværelse

Nedst til høyre i appen er det eit ikon for SFO

Når du klikkar på den får du opp

- info om barnet sitt SFO-opphold.
- når barnet har blitt sjekka inn/ut av SFO. Ligger under valet **Tilstedeværelse**.
- merknadar registrert av SFO for den enkelte dag - f.eks "Husk tursko på måndagar".
- merknader/hentemelding registrert av føresett
- om det er registrert om barnet går heim sjølv eller ikkje.



I tillegg kan føresette sjølv

- registrere inn merknadar på **SFO tilstedeværelse** på
 - enkeltdagar
 - repeterande dagar i veka (døme: vert henta av bestemor på måndagar)

Registrere merknad



For å registrere merknad på ein enkelt dato:

1. Klikk på "Legg til ny"
2. Skriv inn tekst og lagre



For å registrere repeterende merknad, ein merknad som vert lagt inn på ein vald vekedag (til dømes måndag) i ein gjeven periode:

1. Klikk på **“Rediger repeterande”**
2. Systemet viser kva vekedag som er vald
3. Klikk på **“Ny repeterande merknad/hentemelding”**
4. Fyll ut periode og tekst. Klikk Lagre



Sjå tidspunkt knytt til SFO

Til venstre ser vi når barnet vart sjekka inn på SFO på føremiddag og ettermiddag. Det er foreløpig ikkje registrert utsjekking frå SFO, så normalt tidspunkt registrert på eleven (17:00) vises.

Til høgre ser vi ein dag der det ikkje er planlagt tilstedeværelse for barnet. Det kan enten vere fordi det ikkje er lagt inn, eller fordi barnet har deltids plass og fri den dagen.

